



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Rådgjevar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig fast stilling som Rådgjevar. Rådgjevaren vil inngå i eit team med tre prosjektrådgjevarar/prosjektleiarar og ein eigedomstorvaltar. Teamet handterer store og små investerings- og utbyggingsoppgåver i kommunen, eksempelvis utbygging av veg-, vatn- og avlaupsnettet, trafikksikringstiltak, kommunale bygningar, og forvalter kommunale eigedomar og anlegg.

### Arbeidsplass

Tenesteområdet omfattar om lag 44 tilsette, der 20 medarbeidrarar har oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg, offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk og kommunal eigedom. Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, og er aktiv i interkommunale faglege netverk. Det er gjort vedtak om kommunesmanslåing med Radøy og Lindås frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Meland kommune er i sterkt utvikling. Eit aktivt næringsliv og gode kommunikasjonar til Bergen med snøggbåt, ekspressbuss og E39, gjer kommunen svært populær som bustadkommune.

### Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar forvaltning og saksbehandling hovudsakleg knytt til bygg, infrastruktur, VA-anlegg og miljø. Eksempel på oppgåver er infrastruktur medrekna breiband, veglys, avkjørsler, trafikksikring, innkjøpsavtalar, tilsyn VA-anlegg, ureiningssaker, vedlikehaldsplanaar, innkjøp, utbyggingsavtalar. Arbeidet omfattar t.d. planlegging, saksbehandling, oppfølging og rapportering.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant utdanning innan ingeniørfag eller juridiske fag, helst på masternivå, minimum på bachelornivå. Anna utdanning på master- eller bachelornivå i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har relevant erfaring innan kommunal saksbehandling og forvaltning
- Har kjennskap til lov- og regelverket innan offentleg saksbehandling og forvaltning
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Har god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Handterer elektronisk saksbehandlingsverktøy og digitale planverktøy
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har gode referansar
- Er lojal

### Vi tilbyr

Interessante oppgåver.

Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 07.08.2017

Utljyst dato 27.06.2017

Vårref

684/17

### Kontaktperson

Berit M Eskeland, Prosjektansvarleg, tlf: 56171168, mobil: 45445602, Berit.eskeland@meland.kommune.no  
Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no